

Vedlegg 15 Vurderingar i høve omorganisering

For at Fjaler kommune skal kunne drive gode helse- og omsorgstenester og samtidig demme opp for eldre og sjukare brukarar må ein bygge nye bygg, satse på forebygging og rehabilitering og å lukkast i strategien om at fleire personar skal bu lengst mogleg heime. Dette krev umiddelbare ressursar i form av fagkompetanse og nyinvestering av bygg. Ein skal samtidig klare å effektivisere og drive tenesta betre, men billegare. Organiseringa av tenesta fungerer suboptimalt i dag, og omorganisering er derfor eit nøkkelpunkt for suksess.

Omorganisering må bli gjort i ein eigen prosess, og tenesta må inngå tungt i utforminga. Kompetanse- og rekrutteringsplan bør bli generert i den same prosessen.

Proessen med omorganisering vil ikkje vere ein del av sjølve «strategiplanlaginga» men vil vere ein implementering av ein del av strategien. Her nevner vi kort nokre punkt som kan inngå i kartlegginga av kor ein kan effektivisere og organisere meir formålstenleg.

1. Pleiefaktoren (tilsette per brukar) for institusjon i Fjaler er høgare enn for dei fleste andre kommunar (36,25 tilsette for 42 plassar inkludert rehabiliteringshyblane): 0,86 (vs. andre kommunar 0,62-0,90). Likevel så fortel tala frå KOSTRA at kommunen driv institusjonstenestene billeg.

Årsaken til dette kan vere at Fjaler har låg dekning på skjerma plassar for personar med demens, ei gruppe som krev meir pleie (gjerne pleiefaktor 1.0). Konklusjon: Ein må kartlegge i detalj kva gruppe brukarar ein har og å legge til rette for gode tenester basert på dette. Dersom fagleg og bygningsmessig mogleg så kan ein evt. auke «gruppestorleiken» innan institusjonen for å spare på ressursar. Fleire større grupper krev mindre ressursar enn mange små grupper. Eit anna aspekt ein bør kartlegge er kor mykje tid ein nyttar til «direkte brukarretta funksjon» og «andre funksjonar».

2. Pleiefaktor for heimetenestene (for alle aldre) er høgare i Fjaler enn i mange andre kommunar: 0,286 (**Hyperkopling 1**). Til samanlikning har Flora kommune brukt 0,2 som framtidig «mal» for heimetenester og Nesodden rapporterer om 0,13 per idag. Sannsynleg årsak til dette er at i Fjaler er det lange avstandar til folk, ei tid som blir innrekna i pleiefaktoren. Reingjering er eit område som det blir brukt forholdsvis store ressursar i heimehjelpa til. Fjaler har og mange brukarar med store behov.

Kommunen må prøve å effektivisere heimetenestene samtidig som fleire får hjelp til å bu heime lengre. EKS: Medisinrom på nærbutikkane, praktisk hjelp i regi av private tenester, portable (IKT-baserte) journal/rapporteringssystem.

3. Andre tiltak ein kan vurdere for å effektivisere
 - ❖ Dedikerte leiarar med tid til å organisere og kvalitetssikre drifta
 - ❖ Avtalte avspaseringar slik at ein ikkje må ta inn vikarar ved avspasering
 - ❖ Mindre timar ved vikar enn for den faste tilsette når ein må ha vikar

- ❖ Faste vikarer
- ❖ Dersom personell deltar i prosjekt: Fastsett tidsressurs slik at ein unngår vikarer
- ❖ Fleksibilitet: Ikkje slik at den same personen er på vakt fleire stader samtidig, men slik at dersom ei «gruppe» har få tilsette på jobb og ei anna «gruppe» har kapasitet, så kan den eine gruppa låne vekk ein person
- ❖ Fleire 100 prosent stillingar, færre deltidsstillingar
- ❖ Forhandlingsturnus 5/2 eller 3/3
- ❖ Langvakter i helgane

Nokre av tipsa er teke frå følgande referansar:

Beate M. Huseby og Bård Paulsen: Eldreomsorg i Norge. Helt ustrekkelig eller best i verdaen? SINTEF A11522. Rapport mai 2009

Gjennomgang av pleiefaktor m.m. i sjukeheimen i Alta. Rapport RO. Mars 2011